

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK



JORDBRUKS- STATISTIKK 1973

AGRICULTURAL STATISTICS 1973

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS
OSLO - NORWAY

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK A 666



JORDBRUKSSTATISTIKK
1973

AGRICULTURAL STATISTICS
1973

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1974

ISBN 82-537-0409-7

FØREORD

I dette heftet legg Byrået fram oppgåver over areal og husdyrhald i jordbruket pr. 20. juni 1973. Tala er henta frå utvalsteljinga i 1973. I tillegg til dei vanlege oppgåvene over areal og husdyrhald blei det henta inn oppgåver over forbruk av trevyrke på bruket i 1972-73. I heftet finn ein dessutan oppgåver over arbeidskraft og arbeidstid på bruka i 1971-72.

Heftet inneheld elles den årlege statistikken over avlingane i jordbruk og hagebruk, husdyrhald pr. 31. desember, kjøtkontroll, fjøskontroll, paringsstatistikk for svin, løner i jordbruket, omsetnad og prisar på fast eigedom, oppgåver over inntekt og formue m.v. Det er også med eit oversyn over prisar på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel m.v.

Hovudresultata er tidlegare blitt publiserte i ei rekke nummer av Statistisk ukehefte og Nye distriktstall.

Konsulent Kristian Torp-Hansen har stått for arbeidet med publikasjonen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 18. september 1974

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

PREFACE

This publication contains data on agricultural area and livestock as of 20 June 1973. The findings are from the annual sample survey of agriculture 1973. In addition to the statistics on area and livестocks, data on wood consumption on holdings in 1972-73 were this year also collected. The publication also contains data on labour force on holdings in 1971-72.

This volume further contains the annual statistics on agricultural and horticultural crops, livestock as of 31 December, controlled slaughtering, milk-recording, covered sows, wages in agriculture, sales and prices of real property, data on income and property etc., and a survey on prices of agricultural products and means of production etc.

The main results from the different statistics are previously published in several numbers of Weekly Bulletin of Statistics and New district figures.

Mr. Kristian Torp-Hansen has been responsible for the preparation of this publication.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 18 September 1974

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

INNHOLD

Side

I.	Det statistiske materialet	7
II.	Areal og avling	7
1.	Brukstal og jordbruksareal	8
2.	Nydyrkning m.v.	8
3.	Avlingane	8
a.	Jordbruket	8
b.	Hagebruket	9
III.	Husdyrhaldet	9
1.	Talet på husdyr	9
2.	Husdyrprodukta	9
a.	Samla produksjon	9
b.	Meieriproduksjon m.v.	9
c.	Kjøtkontrollen	10
d.	Paringsstatistikk for svin	10
e.	Pelsskinn	10
f.	Fjøskontrollen	10
IV.	Forbruk av matvarer	10
V.	Driftsmiddel	10
1.	Maskinar og reiskapar	10
2.	Handelsgjødsel og kraftfør	10
3.	Plantevernmiddel	10
VI.	Arbeidskrafter i jordbruket	10
VII.	Prisar, økonomi m.v.	11
1.	Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel	11
2.	Rekneskapsresultat	12
a.	Driftsresultat i jordbruket	12
b.	Meieridrift	12
c.	Jordbrukets totalrekneskap	12
3.	Investeringar, lån og statstilskott	12
4.	Løner i jordbruk, gartneri og hagebruk	12
5.	Prisar på faste eideomar	13
6.	Inntekt og formue i jordbruket	13
VIII.	Spesialundersøking. Forbruk av trevyrke på gardane. 1972-73	13
IX.	Spesialundersøking. Arbeidskraft og arbeidstid. 1971-72	13
1.	Brukarens kjønn, ekteskapeleg status og alder og bruket som leveveg	14
2.	Arbeidsinnsatsen i dagsverk gjennom året for arbeidsstyrken på bruka	14
3.	Arbeidstid pr. dag og veke for brukar og ektemake	14
4.	Reiser og reisetid til og frå arbeid utanom bruket for brukar og ektemake	14
Samandrag på engelsk		15
T a b e l l r e g i s t e r		18
V e d l e g g		
1.	Utvalsteljing for jordbruket 1973. Opgåveskjema	133
2.	Utvalsteljing for jordbruket 1972. Opgåveskjema	135
3.	Utvalsteljing for jordbruket 1972. Rettleiing	137
4.	Utkome før	139
5.	Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå sidan 1. juli 1973	140
6.	Utvalde publikasjonar i serien Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH)	144

S t a n d a r d t e i k n

- Null
 .. Oppgåve vantar
 . Tal umogleg (ulogisk)
 : Tal kan ikkje offentleggjerast

⁰ Mindre enn ein halv av den nyttia eininga
 0,0

— Brot i den loddrette serien

CONTENTS

	Page
I. The statistical material	7
II. Area and production	7
1. Number of holdings and agricultural area	8
2. Cultivation etc.	8
3. Production	8
a. Agriculture	8
b. Horticulture	9
III. Livestock	9
1. Number of heads	9
2. Livestock production	9
a. Total production	9
b. Dairy products etc.	9
c. Controlled slaughtering	10
d. Covered sows	10
e. Fur production	10
f. Milk-recording	10
IV. Food consumption	10
V. Means of production	10
1. Machinery and implements	10
2. Fertilizers and concentrated feeds	10
3. Pesticides	10
VI. Labour force in agriculture	10
VII. Prices and working results	11
1. Prices of agricultural products and means of production	11
2. Working results	12
a. Working results of farms	12
b. Dairy industry	12
c. Aggregate account of agriculture	12
3. Investments, loans and subsidies	12
4. Wages in agriculture, gardening and horticulture	12
5. Prices of real property	13
6. Income and property in the agriculture	13
VIII. Special investigation. Wood consumption on holdings. 1972-73	13
IX. Special investigation. Labour force and working-time. 1971-72	13
1. Sex, marital status and age of holder and the holding as source of livelihood	14
2. Work performed by the labour force of the holdings calculated in man-days throughout the year	14
3. Working-time per day and per week for holder and spouse	14
4. Travelling and travelling time to and from work outside the holding for holder and spouse	14
English summary	15
Index of tables	21
A p p e n d i c e s	
1. Sample survey of agriculture. 1973. Questionnaire	133
2. Sample survey of agriculture. 1972. Questionnaire	135
3. Sample survey of agriculture. 1972. Direction	137
4. Previously issued	139
5. Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 July 1973	140
6. Selected publications in the series Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH)	144

Explanation of Symbols

- Nil	
.. Data not available	
. Category not applicable	
: Not for publication	
0	Less than half of unit employed
0,0	

— Break in the homogeneity of a vertical series

I. DET STATISTISKE MATERIALET

Pr. 20. juni 1973 blei det halde ei utvalsteljing for jordbruket etter liknande retningsliner som tidlegare.

Det blei i 1970 trekt eit nytt utval av bruk som skal gi oppgåver til utvalsteljingane pr. 20. juni i åra fram til ny fullstendig jordbrukssteljing. Utvalet omfattar vel 18 000 bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i 1969. Med i utvalet er 10 prosent av bruka med 5 - 99,9 dekar jordbruksareal, 20 prosent av bruka med 100 - 499,9 dekar og alle bruk med minst 500 dekar ved den fullstendige jordbrukssteljinga i 1969. I utvalet er kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbrukssteljinga. Innan kvar storleiksklasse er bruka tekne ut tilfeldig.

Totaltal for areal i 1973 er rekna ut på grunnlag av tala for dei undersøkte bruka og utvalsprosenten. For husdyrhaldet er totaltala rekna ut på grunnlag av dei relative endringane frå 1969 til 1973 ved dei undersøkte bruka. Utrekningane gjeld såleis for bruk med minst 5 dekar jordbruksareal, men det er gjort tillegg for bruk under 5 dekar med same areal og husdyrtal som i 1969.

Ei utvalsteljing for husdyrhald pr. 31. desember 1973 blei halde på same måte som ved førre årsskiftet. Det er også ved denne teljinga brukt nytt utval frå og med 1970. Denne teljinga omfattar 50 prosent av dei bruka som gir oppgåver til utvalsteljinga pr. 20. juni, det vil seie vel 9 000 bruk. Også i dette utvalet er kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbrukssteljinga. På grunnlag av endringane i dyretalet frå juni til desember på dei undersøkte bruka, er det rekna ut totaltal for landsdelar og heile landet.

Avlingsstatistikken for jordbruket byggjer på oppgåver frå jordstyret i kvar kommune. For hagebruket byggjer statistikken på oppgåver frå fylkeslandbruksseksjonen.

Statistikken over løner i jordbruk og skogbruk blei omlagd i 1968. Oppgåver over vanleg betalt løn i kommunane blei henta inn siste gongen for driftsåret 1967-68. Hausten 1973 blei det henta inn individuelle lønsoppgåver for menn og kvinner frå 2 040 bruk innan jordbruk, gartneri og hagebruk. Denne statistikken blir publisert som annan lønsstatistikk, berre eit utdrag er tatt inn i Jordbruksstatistikk.

Statistikken over omsetnad av faste eigedomar og utrekning av gjennomsnittsverdiar pr. skyldmark byggjer på oppgåver over tinglyste heimelsbyte.

Tala for inntekt og formue i jordbruket byggjer på data frå skattelikninga, Jordbrukssteljinga 1969 og seinare utvalsteljingar i jordbruket.

Publikasjonen har også med ein del annan statistikk vedrørande jordbruket, frå Byrået og frå andre institusjonar.

II. AREAL OG AVLING (Tab. 1-23)

Med fulldyrka jord meiner ein jord i hevd som er pløgd eller oppbroten til vanleg plogdjup og som framleis kan pløyast. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslåttar, hamnehagar og anna udyrka beite i utmarka. Frå og med 1969 gjeld jordbruksarealet berre jordbruksareal i drift og blir rekna som summen av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord i drift.

Produktiv skog under barskoggrensa er etter skogbrukssteljinga i 1967 - som ved teljinga i 1957 - skog som fyller same minstekrav som Landsskogtakseringen har rekna med ved revisjonstakseringane (minst bonitet 5). Lauvskog over barskoggrensa reknar ein no ikkje med som produktiv skog. Skogbrukssteljingane gjeld berre eigedomar med til saman minst 25 dekar produktiv skog, skog over barskoggrensa og/eller skogreisingsareal.

"Anna areal" er differansen mellom samla landareal etter Geografisk oppmåling og dei nemnde jordbruks- og skogareal. Det meste er areal over skoggrensa. Dette arealet er rekna ut av Landsskogtakseringen og seinare revidert i Byrået. Anna areal under skoggrensa omfattar både utslåttar og udyrka beiteareal, tresett og ikkje tresett impediment og myr, og areal nytta til byggjegrunn, vegar, jarnveg m.v.

Tabell 1 viser fordelinga av landarealet. Dette utgjer 95,1 prosent av totalarealet og ferskvatn såleis 4,9 prosent.

1. Brukstal og jordbruksareal (Tab. 1-12)

I tidsrommet mellom dei fullstendige jordbrukssteljingane blir oppgåver over brukstal, jordbruksarealet og bruken av det kvart år samla inn ved utvalsteljingar pr. 20. juni. Desse utvalssteljingane gjeld berre bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. For å få totaltal for areal og husdyr er det gjort tillegg for mindre brukseininger etter jordbrukssteljinga i 1969.

Arealgrensene for gruppering av bruka på storleiksklassar etter jordbruksareal er endra frå og med 1969. Ein nyttar no grupperinga: bruk med 5,0-19,9 dekar, 20,0-49,9 osb. Tidlegare var grupperinga 5,1-20,0, 20,1-50,0 dekar osb. Samstundes skal ein vere merksam på at bruka tidlegare blei grupperte etter jordbruksareal i alt, medan dei frå og med 1969 er grupperte etter jordbruksareal i drift. Dette vil seie at t.d. engareal som ikkje er tenkt hausta i teljingsåret er halde utanfor. Tidlegare blei slikt areal rekna med. Jordbruksareal som varig er gått ut av bruk, er ikkje tatt med.

Talet på bruk med minst 5 dekar jordbruksareal gjekk tilbake frå 198 000 i 1959 til 155 000 i 1969. Nedgangen frå 1969 til 1973 var på 29 900 brukseininger. Det er talet på mindre bruk som er redusert, medan det er blitt fleire bruk med minst 100 dekar jordbruksareal sidan 1959.

2. Nydyrkning m.v. (Tab. 13-14)

Alle planar om nydyrkning, grøfting, planering m.v. som skal ha statsstønad blir utarbeidd av heradsagronomen og godkjende av landbruksselskapet og Jorddirektoratet. Landbruksselskapa fører statistikk over dei nydyrka areal i fylka og sender oppgåvene til Jorddirektoratet, som utarbeider tala for heile landet.

3. Avlingane (Tab. 15-23)

Ved utgangen av kvar månad i tida mai-oktober blir det sendt ut meldingar frå landbruksdirektøren om veksttilhøva og avlingsvonene for jordbruks- og hagevekstane. Ved utgangen av oktober blir det og gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. Byrået reknar seinare ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvekstane etter oppgåver frå jordstyra, og for hagevekstane etter oppgåver frå landbruksselskapa (fylkesgartnarane).

a. Jordbruket (Tab. 15-19)

Samla avling av korn, potet, rotvekstar, grønför og silovekstar, engvekstar til slått (høy og gras) og halm blei 2 330 mill. føreiningar i 1973 (avling frå beite er ikkje rekna med). Utrekninga av føreiningar er gjort med faste omrekningstal. Talet på føreiningar i alt viser difor samla avlingsvolum rekna som dyreför, medan den verkelege förverdien kan vere mindre eller større, etter kvaliteten av avlingane. Avlinga i 1973 er rekna til 99 prosent av eit middelsår, det same som året før.

Frå og med 1970 har ein rekna avlinga av grønför (raigras, korn og oljevekstar) i råvekt hausta på jordet. Tidlegare blei grønföravlingane rekna om til tørrvekt og var då redusert for tørke- og bergingstap. Tala frå og med 1970 kan difor ikkje jamførast med tidlegare år.

Avlinga i eit "middelsår" er i avlingsstatistikken definert som den avlingsmengd ein ventar å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonene. I gjennomsnitt for dei siste 10 åra var avlinga 96 prosent av eit middelsår. Det vil seie at "middelsåret" representerer eit avlingsnivå som ligg rundt 4 prosent høgare enn gjennomsnittet av dei oppnådde avlingane. Avviket frå gjennomsnittet er ikkje det same for alle vekstane, og er større for åkervekstar enn for eng. Dei utrekna middelsårsavlingane pr. dekar gir elles eit bilet av utviklinga i dyrkingsteknikk m.v. frå år til år, av di middelsåret er lite påverka av dei årlege skiftingar i veksttilhøve og avlingsmengd.

b. Hagebruket (Tab. 20-23)

Jordbrukssteljinga 1969 hadde same gruppering av frukt og hagebær som i 1959, og avlingstal for desse produkta kan jamførast med tidlegare år.

For grønsakene er det nokre endringar. Ved jordbrukssteljinga i 1969 blei det henta inn arealoppgåver for følgjande frilandsgrønsaker: kål, gulrot, purre, matlauk, agurk, hageerter, bønner, selleri og raudbete. Areal mindre enn 0,1 dekar til kvar einskild vekst er ikke medrekna korkje i 1969 eller i 1959. For hageerter, bønner, selleri og raudbete blei arealet i 1969 avgrensa til dei bruk som i alt dyrka minst 1 dekar grønsaker på friland. For rabarbra og tomat på friland blei det ikkje henta inn arealoppgåver i 1969. For agurk og tomat under glas/plast gir jordbrukssteljinga tal berre for bruk som hadde minst 100 m² i 1969.

Frå og med 1970 gir ein avlingstal berre for dei vekstane jordbrukssteljinga gav einingstal for i 1969. Dette gjer at avlinga av einskilde grønsaker ikkje kan samanliknast med tal frå tidlegare år.

III. HUSDYRHALDET (Tab. 24-55)

1. Talet på husdyr (Tab. 24-37)

Talet på husdyr blir mellom dei fullstendige jordbrukssteljingane rekna ut på grunnlag av utvalsteljingar pr. 20. juni.

Frå 1953 har det også vore årlege husdyrteljingar ved utgangen av året. Frå og med 1970 omfattar teljinga nær 6 prosent av bruken med minst 5 dekar jordbruksareal i 1969. I denne publikasjonen tek ein med totale dyretal for heile landet under eitt, og for dei ulike landsdelar.

Byrået har ikkje årlege pelsdyrteljingar. Den siste fullstendige teljinga blei halde i samband med Jordbrukssteljinga 20. juni 1969. Norges Pelsdyralslag reknar ut dyretalet på grunnlag av oppgåver over alsdyra og skinnproduksjonen. Desse tala kan ikkje utan vidare jamførast med Byråets teljingar, men dei viser likevel utviklinga i store trekk i åra mellom dei fullstendige jordbrukssteljingane.

2. Husdyrprodukta (Tab. 38-55)

a. Samla produksjon (Tab. 38)

I samband med utvalsteljinga i 1970 blei det henta inn oppgåver for utrekning av samla husdyrproduksjon i landet. Resultata for kjøt- og fleskeproduksjonen blei publiserte i Jordbruksstatistikk 1971, medan resultata for produksjonen av mjølk og egg blei publiserte i Jordbruksstatistikk 1970. Liknande produksjonsteljingar blei holdne i 1928, 1947 og kvart 5. år frå og med 1950. For tidlegare år er det gjort ymse overslag over produksjonen på grunnlag av dyretalet.

Budsjettnemnda for jordbrukssteljingane reknar årleg ut mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Saman med produksjonsteljingane er også oppgåver over omsetnaden av husdyrprodukt lagde til grunn for utrekningane. I samband med utrekningane av tala for 1973 er oppgåvene for tidlegare år reviderte.

b. Meieriproduksjon m.v. (Tab. 39-48)

Opplysningane om meieribruket blei inntil 1965 publiserte i ein eigen publikasjon (Meieribruk i Noreg).

Frå 1966 er meieristatistikken lagt om. Dette er nærmere omtala i Jordbruksstatistikk 1967 (s. 12 - 13). Årsoppgåver frå meieria blir henta inn etter same prinsipp som for annan industri, og opplysningane om meieria som industriverksemder blir publiserte i Byråets industristatistikk.

Månadsstatistikk over mottak av mjølk og fløyte blir utarbeidd av Norske Melkeprodusenteres Landsforbund og gjeld all levering frå mjølkeprodusentane til meieri eller kondenseringsfabrikk. Oppgåvene over sal av mjølk og fløyte gjeld sal både til vanleg konsum og til slik industri som iskremfabrikkar, bakeri o.l. Produksjon av sterilisert fløyte er rekna med som sal. Samla sal omrekna til heilmjølk gjeld både dei selde mengdene og svinnnet ved handsaminga.

c. Kjøtkontrollen (Tab. 49-51)

Oppgåvene frå kontrollveterinærane over offentleg kjøtkontroll gjeld tal og vekt på førstegongskontrollerte slakt som er godkjende til folkemat. Tal for kasserte slakt og dyrefør blir publiserte i den årlege veterinærstatistikken.

d. Paringsstatistikk for svin (Tab. 52-53)

Frå 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon nyttast til å gjere overslag over kommande fleskeproduksjon. Ein har publisert månadsvise tal frå 1961, og desse viser såleis sesongvariasjonane gjennom året.

e. Pelsskinn (Tab. 54)

Overslag over samla produksjon av pelsskinn frå pelsdyrgardane blir gjort av Norges Pelsdyralslag på grunnlag av omsetnad m.v. Det meste av produksjonen blir selt til utlandet. Oppgåver frå handelsstatistikken gir difor også eit bilet av produksjonsutviklinga.

f. Fjøskontrollen (Tab. 55)

I 1973 var 25 100 buskapar med i alt 260 000 årskyr med i fjøskontrollen. 63 prosent av kyrne i landet var under kontroll. Mjølkeavdråtten pr. ku ligg høgare i dei kontrollerte buskapane enn gjennomsnittet for landet etter produksjonsteljingane, men avdråttstala kan ikkje samanliknast utan vidare.

IV. FORBRUK AV MATVARER (Tab. 56)

Tabellen over forbruk av matvarer byggjer på statistikk i Byrået og på oppgåver og utrekningar frå Statens Kornforretning, Fiskeridirektoratet og Budsjettet nema for jordbruket.

V. DRIFTSMIDDEL (Tab. 57-62)

1. Maskinar og reiskapar (Tab. 57-58)

Ved dei årlege utvalsteljingane får ein oppgåver over talet på traktorar, skurtreskjarar, fôrhaustarar og motorslåmaskinar. Meir detaljerte oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbruket får ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbruksteljingane. Jordbruksteljinga 1969 synte at det har skjedd ei sterk mekanisering i jordbruket sidan 1959. I samband med utvalsteljinga pr. 20. juni 1971 blei det henta inn oppgåver over talet på maskinar og bruken av dei. Resultata av denne teljinga er publiserte i Jordbruksstatistikk 1971.

2. Handelsgjødsel og kraftfôr (Tab. 59-61)

Gjennom oppgåver over omsetnad og lager har ein god kjennskap til forbruket av handelsgjødsel i landet for ei årrekke. Høgprosentlege og allsidige gjødselslag utgjer ein aukande del av forbruket. Nesten all gjødsla blir nytta i jord- og hagebruk. Relativt små mengder har til no blitt brukt i skogbruket.

Innførsla av kraftfôr gjekk opp frå 523 000 tonn i 1972 til 639 000 tonn i 1973. Det var auke i innførsla både av proteinkraftfôr og karbohydratkraftfôr. Tilgangen frå norske produsentar var 3 000 tonn mindre enn i 1972.

3. Plantevernmiddel (Tab. 62)

Statistikken over forbruk av plantevernmiddel byggjer på oppgåver frå forhandlarar av plantevernmiddel. Oppgåvene blir samla inn og bearbeidd ved Statens Plantevern.

VI. ARBEIDSKRAFTA I JORDBRUKET (Tab. 63-68)

I samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i somme år er det henta inn oppgåver for utrekning av samla arbeidskraft på bruk gjennom eit driftsår.

Utvalsteljinga pr. 20. juni 1972 henta såleis inn oppgåver over arbeidskrafta i driftsåret 1971-72. Desse er gitt i dagsverk. Husarbeid for kvinnelege brukarar og ektemakar er ved denne teljinga og ved jordbrukssteljinga i 1969 halde utanom. Tala frå desse teljingane er difor ikkje lett å jamføre med resultat frå tidlegare teljingar.

Før 1969 blei arbeidskrafta i jordbruket utrekna i årsverk. Desse tala er no omrekna til dagsverk ved å regne 280 dagsverk lik eit årsverk. For å få med husarbeid for kvinnelege brukarar og ektemakar også for 1969 og 1972, har ein gått ut i frå at alle desse gjer eit årsverk (280 dagsverk). Arbeidet i huset kjem då fram ved å redusere deira totale arbeidstid (280 dagsverk) med arbeidet på og utanom bruket.

I 1969 blei det på forsøksbasis oppretta ei ordning med landbruksvikarteneste. Ordninga blir administrert av Forbruker- og administrasjonsdepartementet. Første året blei den sett i verk i 144 kommunar. I 1972 hadde 320 kommunar landbruksvikar. Statistikken byggjer på årsmeldingar departmentet hentar inn frå kommunane.

VII. PRISAR, ØKONOMI M.V. (Tab. 69-95)

1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel (Tab. 69-77)

Jordbruksavtala for perioden 1. juli 1972 - 30. juni 1974 var rekna å gi jordbruket ein inntektsauke på 245 mill. kroner i første avtaleåret. For andre avtaleåret skulle det gjennomførast tiltak som gav jordbruket ein inntektsauke på ytterlegare 130 mill. kroner. Det blei dessutan gjort avtale om reguleringsføresegner på grunnlag av stiging eller fall i konsumprisindeksen i perioden frå 15. mars 1972 til 15. mars 1973. Auken i dette tidsrommet medførte ein kompensasjon på 140 mill. kroner. Andre avtaleåret blei det etter dette ein auke på 270 mill. kroner.

Tilleggsavtala som blei inngått 16. mai 1973 med verknad frå 1. juli same år, inneheld føresegner om fordelinga av inntektsauken i andre avtaleåret. Bruttoauken blei fordelt med 221,5 mill. kroner på auka prisar og 51,5 mill. kroner på diverse tilskottssordningar. Frå bruttoauken på 273 mill. kroner går 3 mill. kroner til auka fraktkostnader for slakt.

Nytt i tilleggsavtala er distriktstilskott for kjøt i Nord-Noreg. Inntektsgrensa for kunstgjødseltilskott blei heva frå 18 000 til 20 000 kroner. Det blei også løyvd 5 mill. kroner til ny avlingsskadetrygdordning. Dessutan blei reglane for distriktstilskott for mjølk justert. Det var særleg mjølkeproduksjonen i Nord-Noreg som blei tilgodesett. Dessutan blei løvingane til driftstilskott, emballasjetilskott for eple, pærer og tomater, grassilottrygd og tilskottssordninga for sau auka. For tilskottssåret 1972-73 blei det løyvd 155 mill. kroner i driftstilskott. 86 200 søknader om tilskott blei godkjende. Fullt tilskott etter gjeldande reglar fekk 70 000 søkerar, dvs. brukarar med minst 50 prosent av pårekna inntekt som næringsinntekt i jordbruk, skogbruk og fiske.

Prisindeksen for jordbruket er rekna ut ved Institutt for driftslære og landbruksøkonomi ved Norges Landbruksfagsskole. Basisåret er 1965. Ein har i denne publikasjonen forutan indeksane for 1973 tatt med tilbakegåande tal for åra 1969-1972.

Prisauken som tilleggsavtala 1973-74 medførte, blei lagt på mjølk, kjøt, flesk og ull. Kornprisen til produsent blei auka med 2 kroner pr. 100 kg. Til justering av normalprisane for poteter blei avsett 16 mill. kroner som vil gi ein auke på 5-6 øre pr. kilo. Grønsakprisane skal bli justerte innafor ei ramme på 4 mill. kroner.

Marknadsprisane hausten 1973 var for poteter og fleire grønsakslag lågare enn året før. I august blei det fastsett maksimalpris på potet. Dette førte til at potetprisen låg under øvre prisgrense. Prisen på norsk frukt låg hausten 1973 noko høgare enn året før, men for både eple og pærer låg prisen stort sett under øvre prisgrense.

Etter tilleggsavtala 1973-74 blei prisen på konsummjølk til forhandlar auka med 8 øre pr. liter. Prisen på ost blei sett opp med 32 øre pr. kg. Det blei avsett 11,5 mill. kroner til auka distriktstilskott for mjølk frå Saltfjellet og nordover og til innføring av 10-øres sone på Vestlandet. Utbetalingsprisen til produsent blei etter tilleggsavtala rekna å auke med 4 øre pr. liter.

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane syte for å halde gjennomsnittsprisane for avtaleåret på eller under fastsett nivå. Etter tilleggsavtala 1973-74 blei prisane auka med 150 øre pr. kg for okse og lam, 15 øre pr. kg for gris og 10 øre pr. kg for egg.

For alle typar pelsskinn var det i sesongen 1972-73 oppnådd gode prisar og høg salsprosent. Prisauken ein fekk ved desemberauksjonen 1972 heldt fram utover i sesongen.

2. Rekneskapsresultat (Tab. 78-83)

a. Driftsresultat i jordbruket (Tab. 78-79)

Eit oversyn over resultata frå dei vel 1 000 rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, er gitt i tabellane 78 og 79.

Rekneskapsresultata er òg utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke utanom jordbruket, får ein samla arbeidsvederlag og forrenting. Frå dette går gjeldsrenter og kårytingar, og ein får att nettoinntekta for familien. Rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte bruka var nettoinntekta 39 000 kroner i 1971 og 41 900 kroner i 1972.

b. Meieridrift (Tab. 80-82)

Dei oppgåvane over driftsrekneskapar som ein får inn, gjeld meieri med sideverksemder, men ikkje kondenseringsfabrikkane. Oppgåvane blei før 1966 gitt for kvar meieriverksemde og blei bearbeidde fylkesvis. Frå 1966 blir oppgåvane gitt for kvart meieriføretak (med tilhøyrande verksemder), og dei blir bearbeidde for mjølkesentralområde. Finnmark fylke er rekna som eitt område. Nettoutbytet blir utrekna særskilt for sjølve meieridrifta, for anna verksemde og samla for meieriføretaka. Nettoutbytet blir rekna ut pr. liter mjølk (frå eigne leverandørar) mot før pr. kg.

c. Jordbrukets totalrekneskap (Tab. 83)

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettet nemnda for jordbruket gjort utrekninga over samla inntekter og utgifter for jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekke syne kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdien av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskott. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket.

3. Investeringar, lån og statstilskott (Tab. 84-87)

I tabellane er det gitt eit oversyn over investeringane i jordbruket dei seinaste åra etter nasjonalrekneskapen. Bruttoinvesteringa omfatter også kapitalslit - vedlikehald og avskrivingar - som er rekna med som årleg kostnad i totalrekneskapen.

Det er gitt tal som syner den delen av utlåna frå bankar og kreditsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk. Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlande er ikkje med i desse tala.

Gjennom statsbankane gir staten kreditt på rimelege vilkår. Utanom dette gir staten også direkte stønad til investeringar i jordbruket gjennom rentefritak og tilskott. Tabellane viser statens utgifter til ymse slike føremål og tilskotta til prisregulering for jordbruksvarer m.v.

4. Løner i jordbruk, gartneri og hagebruk (Tab. 88-89)

Den statistikken som frå 1915-16 blei henta inn for vanleg betalte løner i jord- og skogbruk i dei einskilde kommunane, blei siste gongen utarbeidd for driftsåret 1967-68.

Hausten 1973 blei det henta inn individuelle lønsoppgåver for lønstakarar på 2 040 bruk innan jordbruk, hagebruk og gartneri. Det er rekna ut gjennomsnittsløner etter løneform og stilling for 1 753 menn og 355 kvinner i jordbruk og for 761 menn og 497 kvinner i gartneri og hagebruk. Statistikken er publisert i Lønnsstatistikk for ansatte i jordbruk, gartneri og hagebruk. September 1973 (NOS A 623). For timelønte menn i jordbruket var gjennomsnittsløna for vanleg gardsarbeid kr. 13,64

pr. time, og for timelønte menn i gartneri og hagebruk var gjennomsnittsløna kr. 13,93 pr. time.

Ved tariffavtalen mellom Jordbruks Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund blei den leiande timelønssatsen auka frå 1. juli 1972 med kr. 1,06 og ytterlegare med kr. 1,28 frå 10. april 1973. Timeløna for vaksne arbeidarar over 21 år med 4 års praksis var frå 10. april 1973 kr. 13,28.

5. Prisar på faste eigedomar (Tab. 90-92)

Byråets årlege statistikk over omsetnaden av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimels-overføringer. I statistikken er ikkje tatt med ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men elles all omsetnad av byggverk og grunn. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføring ved arv eller gåve.

6. Inntekt og formue i jordbruket (Tab. 93-95)

Tala for inntekt og formue for 1969 byggjer på oppgåver frå Jordbruksteljinga 1969 og skatteklikninga 1969. For seinare år byggjer tala på oppgåver frå utvalsteljingane for jordbruket og frå skattelikninga. Tala gjeld for personlege brukarar med minst 5 dekar jordbruksareal i drift pr. 20. juni.

"Inntekt" svarar til pårekna inntekt ved statsskattelikninga. Dersom brukaren ikkje er i likna inntektskatt til staten, men til kommunen, er pårekna inntekt ved kommuneskattelikninga nytt. For brukarar som ikkje er i likna inntektskatt, svarar "inntekt" til pensjonsgivande inntekt. "Pårekna formue" svarar til pårekna formue ved statsskattelikninga for brukarar som er i likna formuesskatt til staten, og pårekna formue ved kommuneskattelikninga for andre brukarar.

VIII. SPESIALUNDERSØKING. FORBRUK AV TREVYRKE PÅ GARDANE. 1972-73. (Tab. 96-99)

I samband med Utvalsteljinga for jordbruket pr. 20. juni 1973 blei det henta inn oppgåver over forbruk av trevyrke på bruks i 1972-73. Føremålet med denne undersøkinga var mellom anna å rekne ut nye tal for den delen av skogavvirkings som ikkje er med i den årlege statistikken over avvirkning til sal og industriell produksjon. Liknande teljingar blei haldne i 1953 og 1967.

Oppgåvene er representert ved eit utval på vel 18 000 bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Dette utvalet representerte i 1972 om lag 128 000 bruk.

I perioden 1969-1972 er 27 000 bruk blitt borte som særskilte driftseininger, men på vel 15 000 av desse bruks budde det folk i 1973. Forbruket av stammevyrke på desse bruks er med i totalforbruket.

Av det innkjøpte vyrket var 121 000 m³ gagnvyrke, som ein reknar kjem med i den årlege statistikken over avvirkning til sal og industriell produksjon. Forbruket av stammevyrke, unntake det innkjøpte gagnvyrke, er for 1972-73 utrekna til 782 000 m³, mot 1 126 000 m³ i 1966-67. Ein reknar at desse mengdene kjem i tillegg til salsaavvirkings.

Forbruket av trevyrke på gardane 1972-73 blir nærmere omtala i publikasjonen Skogstatistikk 1973.

IX. SPESIALUNDERSØKING. ARBEIDSKRAFT OG ARBEIDSTID. 1971-72. (Tab. 100-121)

Den årlege utvalsteljinga for jordbruket pr. 20. juni er vanlegvis delt i to hovuddelar. Den eine er fast frå år til år og omfattar registrering av jordbruksarealet og talet på husdyr og dei viktigaste landbruksmaskinane. Den andre delen av teljinga skifter frå år til år, men slik at somme tema blir tatt opp att med visse års mellomrom. I 1972 var det arbeidskrafa og arbeidstida i jordbruket som blei undersøkt. Forutan ved dei fullstendige jordbruksteljingane kvart 10. år (siden 1929) har ein tidlegare hatt registreringar av samla arbeidsforbruk i jordbruket for åra 1953-54, 1955-56, 1961-62 og 1965-66.

Utvalesteljinga for jordbruket i 1972 omfatta oppgåver frå 18 321 bruk. Dette var bruk som var i drift som særskilte driftseininger pr. 20. juni 1969. Den 20. juni 1972 var 2 760 av desse bruks ikkje lenger særskilte driftseininger. Grunnlaget for denne undersøkinga er såleis oppgåvene frå dei 15 561 bruks som framleis var i drift som særskilte driftseininger. Undersøkinga gav oppgåver over:

1. Brukarens kjønn, ekteskapeleg status og alder og bruket som leveveg for brukar og ektemake.

2. Arbeidsinnsatsen i dagsverk gjennom året for arbeidsstyrken på brukar. 3. Arbeidstid pr. dag og pr. veke for brukar og ektemake. 4. Reiser og reisetid til og frå arbeid utanom bruket for brukar og ektemake.

1. Brukarens kjønn, ekteskapeleg status og alder og bruket som leveveg. (Tab. 100-104)

For personlege brukarar skulle det på skjemaet kryssast av for brukarens kjønn og ekteskapeleg status. Fødselsnummeret blei brukt som grunnlag for utrekning av alderen til brukaren. Alderen er definert som talet på fylte år pr. 20. juni i teljingsåret. Dette er same definisjon som blei brukt ved Jordbrukssteljinga 1969. For gruppering av bruket etter leveveg for brukar og ektemake har ein også gått fram etter same retningsliner som ved Jordbrukssteljinga 1969.

2. Arbeidsinnsatsen i dagsverk gjennom året for arbeidsstyrken på brukar. (Tab. 105-109)

Arbeidsinnsats av kvinner i skog og utmarksnæringar var liten. Den relative feilen på desse tala blei såleis så stor at dette arbeidsområdet for kvinner i tabellane er slått saman med arbeidet i jordbruket. Arbeid i huset er ikkje med i arbeidsoppgåvene for brukar og ektemake under dette punkt. Grunnlagsoppgåvene for denne delen av undersøkinga var bra utfylt og ein la under revisjonen vekt på at alle oppgåvene skulle ha svar.

3. Arbeidstid pr. dag og veke for brukar og ektemake. (Tab. 110-118)

Grunnlagsoppgåvene for utrekning av arbeidstida pr. dag og pr. veke og oppgåvene for arbeidsreise var ikkje så fullstendig utfylt som for resten av undersøkinga. Her har ein såleis fått ein del oppgåver utan svar. Tabellane som gjeld dette emnet byggjer berre på oppgåver med svar. Arbeidstida pr. veke er rekna ut ved å legge arbeidet laurdag og sundag til arbeidet resten av veka. Arbeidsveka er då rekna ut berre for dei personane som har gitt oppgåver både for måndag- fredag, laurdag og sundag, og det er berre desse som er grunnlaget for utrekninga av gjennomsnittleg arbeidstid pr. veke. Gjennomsnittleg arbeidstid pr. dag er utrekna på grunnlag av alle oppgåver med svar for denne dagen, sjølv om arbeidstida andre dagar for denne personen ikkje var oppgitt. Husarbeidet er rekna med i arbeidstida pr. dag og pr. veke.

På grunn av avrundingar m.v. er det ikkje alltid fullt samsvar mellom sumtal og einskildtal i tabellane for arbeidstid pr. dag og pr. veke.

4. Reiser og reisetid til og frå arbeid utanom bruket for brukar og ektemake. (Tab. 119-121)

Spørsmålet om kor ofte ein reiste til og frå arbeidet var noko därlegare utfylt enn ein skulle ynskje. Dette heng mellom anna sammen med at mange har uregelmessige arbeidsreiser. Det er nok også ein del som har arbeid nær bruket, og som difor ikkje reknar å ha arbeidsreise. Ein må òg rekne med at gjennomsnittleg reisetid for oppgåver med svar kan vere påverka av dei same tilhøva. Tala for reiser og reisetid er såleis noko usikre.

Undersøkingar over arbeidsdagens lengde har tidlegare vore haldne for åra 1915, 1919, 1939 og 1956. Tala frå 1915, 1919 og 1939 er henta inn på ein annan måte, og resultata kan såleis ikkje direkte jamførast med dei frå 1972. Tal for 1956 og 1972 er stilt saman i tabell 110. Ein må også her vere merksam på ulik spørjemåte dei to åra, og at resultata for desse åra difor heller ikkje heilt kan jamførast.

ENGLISH SUMMARY

The major part of the figures in this publication has been prepared in the Central Bureau of Statistics, but some of the tables are based on data collected by other institutions.

The sample survey of agriculture as per 20 June 1973 has been prepared in the same way as previous surveys. The figures concerning the use of agricultural area, number of livestock, machinery and implements in agriculture have been estimated on the basis of this survey. The number of livestock is also estimated annually on the basis of sample surveys as per 31 December.

The statistics on agricultural crops are estimated on the basis of data given by the municipal agricultural boards. The statistics on horticultural crops are based on estimates made by horticultural authorities at county level.

The findings in the sample survey of agriculture as per 20 June 1972 were published in Agricultural Statistics 1972. Approximately 63 per cent of the cows were controlled by the Milk recording societies in 1973. For these cows the annual milk yield per cow is considerably higher than for other cows.

The statistics of food consumption are in addition to statistics in the Central Bureau of Statistics based on statistics from the State Grain Corporation, the Directorate of Fisheries and the Agricultural Budget Commission.

The number of tractors, combine harvesters and flail forage harvesters are calculated annually on the basis of the sample survey of agriculture as per 20 June.

The sample survey as per 20 June 1972 forms the source material for figures concerning labour force and working-time in agriculture 1971-72. The figures concerning labour force in 1968-69 are based on data from the Census of Agriculture 1969. Up to 1969 the statistical unit relating to labour force has been man-years. These figures are now converted into man-days. (1 man-year = 280 man-days.)

The operating results of the farms are elaborated by the Norwegian Institute of Agricultural Economics, and are based on accounting material from about 1 000 farms.

The main reasons for the great differences in the operating results from district to district are the differences in growing conditions and in the size of the farms.

The figures for income and property related to 1969 are based on tax assessment data for all holders included in the Census of Agriculture 1969. The figures for 1971 and 1972, however, are based on data from the tax assessments and the sample survey of agriculture as per 20 June 1971 and 1972.

A sample survey of wood consumption on holdings 1972-73 was carried out in 1973. In terms of m^3 solid wood the consumption is calculated to about 0,9 mill. m^3 in 1972-73, compared to 1,2 mill. m^3 in 1966-67.

In connection with the sample survey of agriculture in 1972 an investigation has been arranged on labour force and working-time in agriculture in 1971-72. Similar investigations were arranged for the years 1961-62 and 1965-66. The investigation in 1972 can be divided into 4 parts: 1. Sex, marital status and age and the holding as source of livelihood. 2. Work performed by the labour force of the holdings calculated in man-days throughout the year. 3. Working-time per day and per week for holder and spouse. 4. Travelling and travelling time to and from work outside the holding for holder and spouse.

T A B E L L A R

TABLES

TABELLREGISTER

	Side
AREAL OG AVLING	
1. Landarealet i dei einskilde fylke	25
2. Bruka etter jordbruksareal i drift. 1969 og 1973	26
3. Bruka etter storleiken på jordbruksareal i drift og fylke	26
4. Jordbruksareal pr. bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Dekar. Fylke	27
5. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift som dyrkar ymse vekstar og gjennomsnittleg areal pr. bruk	28
6. Bruk med korn til mogning etter storleiken på kornarealet og bruksstorleik	29
7. Bruk med potet etter storleiken på potetarealet og bruksstorleik	29
8. Bruk med rotvekstar etter storleiken på rotvekstarealet og bruksstorleik	30
9. Jordbruksarealet etter bruken. 1 000 dekar	30
10. Areal nyitta til dei ymse vekstar	31
11. Jordbruksarealet i dei einskilde fylke etter bruken. 1973	32
12. Åker- og hageareal. 1973 i prosent av 1969	34
13. Jorddyrkning, grøfting og planering med statstilskott. Dekar	35
14. Jorddyrkning, grøfting og planering med statstilskott etter fylke	35
15. Avlinga i jordbruket	36
16. Avlinga av dei ymse jordbruksvekstar. 1973	37
17. Avlinga i dei einskilde fylke rekna i føreiningar	38
18. Avling pr. dekar	39
19. Avlinga av dei ymse jordbruksvekstar etter fylke. 1973	40
20. Avlinga av dei ymse hagebruksvekstar. 1973	46
21. Avlinga i hagebruket. Tonn	47
22. Middelsårsavling pr. dyrkingseining i hagebruket. Kg	47
23. Avlinga av dei ymse hagebruksvekstar etter fylke. 1973	48
HUSDYRHALDET	
24. Husdyrhaldet. 20. juni	50
25. Talet på dei ymse slag husdyr. 20. juni	51
26. Husdyrhaldet 20. juni 1973 i prosent av 20. juni 1969 og 1972	52
27. Talet på husdyr etter fylke. 20. juni 1973	54
28. Bruk med husdyr. 20. juni	56
29. Bruk med husdyr. 20. juni. Relative tal. 1969 = 100	57
30. Gjennomsnittleg dyretal pr. bruk med vedkomande husdyr. 20. juni	58
31. Store svinehald og hønsehald. 20. juni	59
32. Bruk med ku etter talet på kyr. 20. juni	60
33. Bruk med sau etter talet på sauer. 20. juni	60
34. Sommar- og vinterbuskap. 1 000 stk.	60
35. Vinterbuskap pr. 31. desember i prosent av sommarbuskap pr. 20. juni	61
36. Talet på husdyr pr. 31. desember etter landsdelar. 1 000	61
37. Pelsdyr	62
38. Husdyrprodukt til sal, heimeforbruk og fôr (netttoproduksjon) etter totalrekneskapen for jordbruket. Tonn	62
39. Meieri og kondenseringsfabrikkar etter produksjonsgruppe	62
40. Meieri etter innvegen mjølk frå eigne leverandørar	63
41. Tilsette ved meieria i middel for året	63
42. Innvegen mjølk og fløyte i meieri og kondenseringsfabrikkar	64
43. Innvegen mjølk i meieri og kondenseringsfabrikkar etter bruken av mjølkefeitt	64
44. Produksjon av smør og ost m.m. i meieri og kondenseringsfabrikkar	65

TABELLREGISTER (framh.)

	Side
45. Sal av mjølk og fløyte til konsum, iskrem, bakeri m.m. 1 000 liter	66
46. Sal av mjølk og mjølkeprodukt utanom meieria	67
47. Innanlandsk sal av smør og ost. Tonn	68
48. Utførsle og innførsle av smør og ost	68
49. Offentleg kjøtkontroll (førstegongskontroll)	69
50. Offentleg kjøtkontroll (førstegongskontroll) etter landsdel. 1973	69
51. Offentleg kjøtkontroll (førstegongskontroll) etter måned	70
52. Paringsstatistikk for svin etter måned	71
53. Purker som er para etter måned. Prosent. 1969 = 100	71
54. Skinn frå pelsdyrgardane	71
55. Resultat frå fjøskontroll-laga	72
 FORBRUK AV MATVARER	
56. Forbruk av matvarer 1972 og kaloriforbruk 1962 og 1972	73
 DRIFTSMIDDEL	
57. Traktorar, skurtreskjarar og fôrhaustarar i jordbruket. 20. juni	74
58. Innførsle av landbruksmaskinar. Stk.	75
59. Forbruk av handelsgjødsel rekna i tonn grunnstoff	75
60. Tilgang på kraftfôr. Innført og frå innanlandske tilverkarar. Tonn	76
61. Kraftfôromsetnaden i dei einskilde månader. Tonn	77
62. Sal av plantevernmiddel. Kg aktivt stoff	78
 ARBEIDSKRAFTA I JORDBRUKET	
63. Arbeidskrafta på bruка. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. 1 000 dagsverk ...	80
64. Arbeidskrafta på bruка. Dagsverk prosentvis fordelt. Bruk med minst 5 dekar jordbruks- areal i drift	80
65. Arbeidskraft i dagsverk pr. bruk og pr. 100 dekar jordbruksareal. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	80
66. Personlege brukarar etter bruket som leveveg. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	81
67. Landbruksvikartenesta. Kommunar med landbruksvikarteneste, tilsette landbruksvikarar etter utdaning og bruk som fekk hjelp etter årsaka til hjelp. Fylke	82
68. Utgifter til landbruksvikartenesta etter fylke	83
 PRISAR, ØKONOMI M.V.	
69. Prisindeks for jordbruket. Årsindeks. 1965 = 100	84
70. Jordbruksprodukta sin byteverdi i høve til ymse varer og tenester. 1965 = 100	85
71. Kjøp og leigemaling av norsk korn. Korn- og potettrygd	85
72. Prisar på norsk korn. Kr. pr. 100 kg	86
73. Prisar til produsent for jordbruksprodukt	86
74. Prisar på planteprodukt. Veke nr. 42. Øre pr. kg	87
75. Prisar på husdyrprodukt. Kr. pr. kg	87
76. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg	88
77. Middelprisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane. Kr. pr. skinn	88
78. Rekneskapsresultat i jordbruket	89
79. Nettoinntekt. Kr. pr. familie	89
80. Nettoutbyte ved meieria	90
81. Driftsutgifter ved meieria. 1 000 kr.	90
82. Nettoutbyte ved meieria etter bruken	91
83. Jordbrukets totalrekneskap. Mill.kr.	92
84. Investeringar i jordbruket. Mill.kr.	92
85. Kjende utlån til jord- og skogbruk. Mill.kr.	93

TABELLREGISTER (framh.)

	Side
86. Statstilskott til bureising, jorddyrkning m.v. 1 000 kr.	93
87. Tilskott til prisregulering over statsrekneskapen. Mill.kr.	93
88. Gjennomsnittsforteneste for tilsette i jordbruket. September 1973	94
89. Gjennomsnittsforteneste for tilsette i gartneri og hagebruk. September 1973	95
90. Sal av faste egedomar i dei einskilde fylke	96
91. Egedomssal i heradskommunar etter storleik (matrikkskyld). 1972	97
92. Middelpolis pr. skyldmark for jordbruk i fritt sal i dei einskilde fylke. Kr.	98
93. Bøndenes inntekt og formue etter fylke, bruksstorleik og alder. Inntektsåra 1969, 1971 og 1972. Mill.kr.	99
94. Bøndenes inntekt og formue etter fylke, bruksstorleik og alder. Gjennomsnitt pr. brukar. Inntektsåra 1969, 1971 og 1972. 1 000 kr.	100
95. Bøndenes pårekna formue etter fylke, bruksstorleik og alder. Inntektsåra 1969, 1971 og 1972	101

SPESIALUNDERSØKING. FORBRUK AV TREVYRKE PÅ GARDANE. 1972-73

96. Bruk med skog og med bruksrettar til trevyrke	102
97. Busetnad i 1973 på bruk som i 1969 hadde minst 5 dekar jordbruksareal i drift	103
98. Forbruk av trevyrke på gardane. m ³ fast mål	104
99. Bruk med busetnad i 1973 som hadde forbruk av torv, kol, koks, parafin, olje eller elektrisitet til oppvarming eller kokning. 1972-73	105

SPESIALUNDERSØKING. ARBEIDSKRAFT OG ARBEIDSTID. 1971-72

100. Brukarane etter kjønn og ekteskapeleg status. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	106
101. Personlege brukarar etter bruket som leveveg. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	107
102. Personlege brukarar etter kjønn og alder. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift ..	108
103. Brukarane etter kjønn og ekteskapeleg status etter fylke. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	110
104. Personlege brukarar etter bruket som leveveg og etter alder. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	112
105. Bruk i alt og brukarar og ektemakar etter utførte dagsverk i året. 14. april - 13. april. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	114
106. Arbeidsinnsatsen til brukar, ektemake og arbeidshjelp i året. 14. april - 13. april. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	116
107. Gjennomsnittleg tal dagsverk utført på og utanom bruket i året. 14. april - 13. april. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	120
108. Gjennomsnittleg tal dagsverk på bruket i året etter bruket som leveveg. 14. april 1971 - 13. april 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	122
109. Personlege brukarar etter alder. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	122
110. Netto arbeidstid pr. dag, måndag - fredag, for brukarar og ektemakar. 1956 og 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Timar og minutt	123
111. Netto arbeidstid pr. dag og pr. veke for brukarar og ektemakar. Menn 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Timar og minutt	124
112. Netto arbeidstid pr. dag og pr. veke for brukarar og ektemakar. Kvinner 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Timar og minutt	125
113. Netto arbeidstid pr. veke for brukarar og ektemakar på bruk med og utan husdyrhald. Gjennomsnitt for sommar og vinter. Menn 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Timar og minutt	126
114. Netto arbeidstid pr. veke for brukarar og ektemakar på bruk med og utan husdyrhald. Gjennomsnitt for sommar og vinter. Kvinner 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Timar og minutt	127
115. Netto arbeidstid pr. veke for brukarar og ektemakar. Gjennomsnitt for sommar og vinter etter bruket som leveveg. 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Timar og minutt	128

TABELLREGISTER (framh.)

	Side
116. Netto arbeidstid pr. dag og pr. veke for brukar og ektemake på bruk med og utan husdyrhald for bruk av ymse storleikar. Gjennomsnitt for sommar og vinter. 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Timar og minutt	129
117. Brukarar og ektemakar etter netto arbeidstid pr. dag. Prosentvis fordeling av oppgåver med svar. 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	130
118. Brukarar og ektemakar etter netto arbeidstid pr. veke. Prosentvis fordeling av oppgåver med svar. 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	130
119. Brukarar og ektemakar i alt og med arbeid utanfor bruket. Brukarar og ektemakar med arbeidsreise og dagleg reisetid tur-retur. Menn 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	131
120. Brukarar og ektemakar i alt og med arbeid utanfor bruket. Brukarar og ektemakar med arbeidsreise og dagleg reisetid tur-retur. Kvinner 1972. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift	132
121. Brukarar og ektemakar med arbeid utanfor bruket etter reisetid til og fra arbeidet pr. dag. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Prosent	132

INDEX OF TABLES

	Page
AREA AND PRODUCTION	
1. Land area by county	25
2. Holdings by size of agricultural area in use. 1969 and 1973	26
3. Holdings by size of agricultural area in use and county	26
4. Agricultural area per holding with at least 5 decares of agricultural area in use. Decares. County	27
5. Holdings with at least 5 decares agricultural area in use cultivating various crops and average area per holding	28
6. Holdings with grains by size of area of grains and size of holdings.....	29
7. Holdings with potatoes by size of area of potato and size of holdings	29
8. Holdings with fodder roots by size of area of fodder roots and size of holdings	30
9. Agricultural area by use. 1 000 decares	30
